

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Adm.sjef/ Ref. utviklingskomité	08.04.02	023/02	JOBR
Komité for utvikling	13.05.02	026/02	JOBR
Kvam heradsstyre	28.05.02	052/02	JOBR

Avgjerd av: Rådmannen Saksh.: Jostein Brattabø	Arkiv: 632 Objekt:	Arkivsaknr 2002000568
---	-----------------------	--------------------------

Kvam viltfond

Samandrag:

Stortinget endra viltlova ved lov av 30. juni 2000 nr. 65 (i kraft 1. januar 2001) Endringa har ført til auka ansvar overført til lokalt nivå, både til kommunane og til grunneigarane. Det går fram av § 43 i Viltloven at kommunen er pålagt å oppretta kommunalt viltfond i samsvar med reglar gjeve av Direktoratet for naturforvaltning. Dei viktigaste endringane kan oppsummerast på fylgjande vis:

- fellingsavgiftene vert no innbetalt til kommunen (viltfondet), og alle kommunar må oppretta eit kommunalt viltfond
- kommunen har fått ansvar for handsaming av fallvilt m.m. av hjortevilt og bever,
- omlegging av erstatningsordning for hjorteviltskadar, dette må no dekkast av det kommunale viltfondet
- viltfondet kan ikkje nyttast til finansiering av kommunal drift

På bakgrunn av dette har administrasjonssjefen laga eit framlegg til vedtekter for Kvam viltfond.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for Kvam viltfond vert vedtekne, og gjort gjeldande frå dags dato.

Vedlegg:

Utskrift frå møteprotokoll for Viltnemda 15.04.02:

Sak 11/02

FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR KVAM VILTFOND

Rådmannen har utarbeidd framlegg til vedtekter for Kvam viltfond

Framlegg til vedtak:

Alternativ 1

Endring i pkt 8b **Krav til søknad**

som framlegg med følgjande endring: Fondsstyret *bør* fastsetje søknadsfristar.

Røysting

Alternativ 1 fekk 4 røyster og vart samrøystes vedteke.

Møtet slutt

Saksutgreiing:

Stortinget endra viltlova ved lov av 30. juni 2000 nr. 65 (i kraft 1. januar 2001)

Endringa har ført til auka ansvar overført til lokalt nivå, både til kommunane og til grunneigarane. Det går fram av § 43 i Viltloven at kommunen er pålagt å oppretta kommunalt viltfond i samsvar med reglar gjeve av Direktoratet for naturforvaltning. Dei viktigaste endringane kan oppsummerast på fylgjande vis:

- fellingsavgiftene vert no innbetalt til kommunen (viltfondet), og alle kommunar må oppretta eit kommunalt viltfond
- kommunen har fått ansvar for handsaming av fallvilt m.m. av hjortevilt og bever,
- omlegging av erstatningsordning for hjorteviltskadar, dette må no dekkast av det kommunale viltfondet
- viltfondet kan ikkje nyttast til finansiering av kommunal drift

På bakgrunn av dette har administrasjonssjefen laga eit framlegg til vedtekter for Kvam viltfond.

Under arbeidet med dette framlegget har det vore teke kontakt med viltansvarlege andre kommunar i Hardanger, og vore ein dialog med viltnemnda. Det er føreslege at viltnemnda skal vera styre for Kvam viltfond.

Framlegg til vedtekter for Kvam viltfond:

1. Føremål

Midlar frå Kvam viltfond skal skape økonomisk grunnlag for å fremje viltforvaltinga i heradet.

2. Definisjon

Kvam viltfond er eit bunde driftsfond som kommunen forvaltar til viltføremål innanfor dei rammer forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (23. mai 2001) fastset.

3. Fondstorleik

Fondskapitalen vert sett til minimum kr 30.000 ved utgangen av 2002, minimum kr. 60.000.- ved utgangen av 2003 og minimum kr. 100.000.- ved utgangen av 2004 og seinare.

Fondet skal byggjast opp slik: Avsetjing i 2002 kr 30.000,- Fondet er kr 30.000,-

Avsetjing i 2003	kr 30.000,- Fondet er kr 60.000,-
Avsetjing i 2004	kr 40.000,- Fondet er kr 100.000,-

Midlar utover fondsminimum er disponibele

4. Inntekter til fondet

- Offentleg fellingsavgift for hjortevilt, - storleik vert fastsett av heradet i høve til forskrift om kommunale viltfond.
- Eventuelle tilskot frå statleg viltfond.
- Årleg avkasting frå fondet. Viltfondet vert forvalta saman med resten av heradet sin kapital og avkastinga av fondet vert årleg tilført fondet.
- Inntekter frå omsetjing av ulovleg felt vilt og fallvilt av hjortevilt.
- Inntekter frå hjortevilt som er felt etter § 13 i viltlova ("skadeløyve").
- Eventuelle løyvingar frå heradet.
- Eventuelle andre midlar.

5. Disponering av fondet

Kbam herad disponerer fondet som skal brukast til viltrelatert arbeid i heradet.

Fondet kan brukast til:

- Tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering og liknande i heradet og i naboherad gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller heradet sjølv.
- Dekke heradet sine utgifter til ettersøk, handtering av skadd vilt og fallvilt.
- Tiltak for å førebyggje skade på landbruksnæring som skuldast hjortevilt.

Fondet kan ikkje brukast til:

- Heradet sin administrasjon av viltforvaltinga.
- Erstatning for skade som skuldast vilt.
- Skotpremie.

Kbam viltnemnd kan fastsetje meir detaljerte reglar for ulike føremål og tiltaksgrupper.

Retningslinene er eit supplement til forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, fastsett av Direktoratet for naturforvaltning 23. mai 2001.

6. Forvaltning

Kbam viltnemnd er styre for fondet. Fondstyret kan delegere vidare mynde til rådmann. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at fondet er disponibelt til ei kvar tid. Det skal førast eige rekneskap og budsjett for viltfondet.

7. Fallingsavgift

Storleik på fellingsavgift for elg og hjort vert fastsett årleg i budsjettet til heradet innanfor dei rammer for storleiken på fellingsavgifta som kvart år vert vedteke i Statsbudsjettet.

8. Tildeling av midlar frå fondet

Det kan tildelast midlar frå viltfondet til lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar. Når det er aktuelt å tildele midlar frå fondet skal dette gjerast kjent for ålmenta i god tid før eventuell søknadsfrist.

Tilskot skal primært ytast til tiltak av lokal karakter og som ikkje lett kan få statstilskot. Tilskot vert gjeve etter søknad og på grunnlag av godkjende kostnadsoverslag og at krava til søknad er oppfylte.

8. a) Kva tiltak kan få tilskot

Tilskot kan gjevast til oppgåver innan viltrelatert arbeid i heradet, også viltkartlegging og informasjonstiltak. Tiltak knytt til arbeid med driftsplanar skal tilleggjast vekt, og oppgåver som bygger på samarbeid mellom herad, vert prioriterte.

Døme på andre tiltak:

- Arbeid med tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og høve til jakt.
- Tiltak som har som målsetjing å betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- Førebygging mot hjorteviltskade.
- Samfinansiering av prosjekt.
- Andre lokale vilttiltak.

8. b) Krav til søknad

Søknad om støtte frå fondet må fremjast skriftleg før tiltaket vert sett i verk.

Fondsstyret bør fastsetje søknadsfristar.

Søknaden skal innehalde (minimumskrav):

- Kva tiltaket går ut på, søkeren si utgreiing og vurdering av tiltaket.
- Opplysningar om søkeren.
- Investerings- og finansieringsplan.
- Framdriftsplan
- Kven som er deltararar og skal utføre arbeidet

8. c) Utbetaling

- 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart før fullstendig investering er gjort.
- Delutbetaling kan skje mot dokumentasjon på gjennomføring med 90 % av tilsagnsummen. Fondsstyret kan gjere vedtak om eingangsutbetaling.
- Frist for gjennomføring av tiltaket er normalt 2 år (tilsagnsåret + to heile kalenderår).
- Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne 1 år utsetjing av frist for gjennomføring av tiltaket, etter søknad. Utsetjing utover dette skal handsamast av fondsstyret.
- Dersom det oppstår tilhøve som er strid med føresetnadane for støtta, kan Kvam herad avgjere at tilskot skal betalast tilbake til fondet heilt eller delvis.
- Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.

Før tilskot kan utbetalast, må fylgjande føresetnadar vere oppfylde:

- Tiltaket må vere fullfinansiert.
- Rapport og revidert rekneskap skal vere godkjend av Kvam herad.
- Krav som vert stilt i gjeldande lover, forskrifter og standardar skal vere oppfylde og naudsynte godkjenningar må ligge føre.

8. d) Sakshandsaming og klage/anke

Støtte innanfor rammene kan gjevast av fondsstyret. Større prosjekt må handsamast av heradsstyret, og helst gjennom handlingsprogram og budsjett.

Klage på kommunale vedtak skal handsamast av fylkesmannen, jmf. Viltlova § 4 siste ledd.

Fondsstyret står fritt til å vurdere tilskotsstorleik innan gjeldande rammer.

13.05.2002 Komité for utvikling

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 8 røyster og vart samrøystes tilrådd.

UTVI-026/02 Tiltråding:

Framlegg til vedtekter fot Kvam viltfond vert vedtekne, og gjort gjeldande frå dags dato.

Saksordførar: Oddvar Soldal, SV.

28.05.2002 Kvam heradsstyre

Røysting:

Tiltrådinga frå Komité for utvikling fekk 33 røyster og vart samrøystes vedteke.

HST-052/02 Vedtak:

Framlegg til vedtekter for Kvam viltfond vart vedtekne, og gjort gjeldande frå dags dato.

Vedtekter for Kvam viltfond:

3. Føremål

Midlar frå Kvam viltfond skal skape økonomisk grunnlag for å fremje viltforvaltinga i heradet.

4. Definisjon

Kvam viltfond er eit bunde driftsfond som kommunen forvaltar til viltføremål innanfor dei rammer forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (23. mai 2001) fastset.

3. Fondstorleik

Fondskapitalen vert sett til minimum kr 30.000 ved utgangen av 2002, minimum kr. 60.000.- ved utgangen av 2003 og minimum kr. 100.000.- ved utgangen av 2004 og seinare.

<i>Fondet skal byggjast opp slik:</i>	<i>Avsetjing i 2002</i>	<i>kr 30.000,- Fondet er kr 30.000,-</i>
	<i>Avsetjing i 2003</i>	<i>kr 30.000,- Fondet er kr 60.000,-</i>
	<i>Avsetjing i 2004</i>	<i>kr 40.000,- Fondet er kr 100.000,-</i>

Midlar utover fondsminimum er disponibele

9. Inntekter til fondet

- Offentleg fellingsavgift for hjortevilt, - storleik vert fastsett av heradet i høve til forskrift om kommunale viltfond.
- Eventuelle tilskot frå statleg viltfond.
- Årlig avkasting frå fondet. Viltfondet vert forvalta saman med resten av heradet sin kapital og avkastinga av fondet vert årleg tilført fondet.
- Inntekter frå omsetjing av ulovleg felt vilt og fallvilt av hjortevilt.
- Inntekter frå hjortevilt som er felt etter § 13 i viltlova ("skadeløyve").
- Eventuelle løyvingar frå heradet.
- Eventuelle andre midlar.

10. Disponering av fondet

Kbam herad disponerer fondet som skal brukast til viltrelatert arbeid i heradet.

Fondet kan brukast til:

- Tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering og liknande i heradet og i naboherad gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller heradet sjølv.
- Dekke heradet sine utgifter til ettersøk, handtering av skadd vilt og fallvilt.
- Tiltak for å førebyggje skade på landbruksnæring som skuldast hjortevilt.

Fondet kan ikkje brukast til:

- Heradet sin administrasjon av viltforvaltinga.
- Erstatning for skade som skuldast vilt.
- Skotpremie.

Kbam viltnemnd kan fastsetje meir detaljerte reglar for ulike føremål og tiltaksgrupper.

Retningslinene er eit supplement til forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, fastsett av Direktoratet for naturforvaltning 23. mai 2001.

11. Forvaltning

Kbam viltnemnd er styre for fondet. Fondstyret kan deleger vidare mynde til rådmann.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at fondet er disponibelt til ei kvar tid. Det skal førast eige rekneskap og budsjett for viltfondet.

12. Fallingsavgift

Storleik på fellingsavgift for elg og hjort vert fastsett årleg i budsjettet til heradet innanfor dei rammer for storleiken på fellingsavgifta som kvart år vert vedteke i Statsbudsjettet.

13. Tildeling av midlar frå fondet

Det kan tildelast midlar frå viltfondet til lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar. Når det er aktuelt å tildele midlar frå fondet skal dette gjerast kjent for ålmenta i god tid før eventuell søknadsfrist.

Tilskot skal primært ytast til tiltak av lokal karakter og som ikkje lett kan få statstilskot. Tilskot vert gjeve etter søknad og på grunnlag av godkjende kostnadsoverslag og at krava til søknad er oppfylte.

8. a) Kva tiltak kan få tilskot

Tilskot kan gjevast til oppgåver innan viltrelatert arbeid i heradet, også viltkartlegging og informasjonstiltak. Tiltak knytt til arbeid med driftsplanar skal tilleggjast vekt, og oppgåver som bygger på samarbeid mellom herad, vert prioriterte.

Døme på andre tiltak:

- Arbeid med tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og høve til jakt.
- Tiltak som har som målsetjing å betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- Førebygging mot hjorteviltkade.
- Samfinansiering av prosjekt.
- Andre lokale vilttiltak.

8. b) Krav til søknad

Søknad om støtte frå fondet må fremjast skriftleg før tiltaket vert sett i verk.
Fondsstyret bør fastsetje søknadsfristar.

Søknaden skal innehalde (minimumskrav):

- Kva tiltaket går ut på, søkjaren si utgreiing og vurdering av tiltaket.
- Opplysningar om søkeren.
- Investerings- og finansieringsplan.
- Framdriftsplan
- Kven som er deltarar og skal utføre arbeidet

8. c) Utbetaling

- 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart før fullstendig investering er gjort.
- Delutbetaling kan skje mot dokumentasjon på gjennomføring med 90 % av tilsagnsummen. Fondsstyret kan gjere vedtak om eingongsutbetaling.
- Frist for gjennomføring av tiltaket er normalt 2 år (tilsagnsåret + to heile kalenderår).
- Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne 1 år utsetjing av frist for gjennomføring av tiltaket, etter søknad. Utsetjing utover dette skal handsamast av fondsstyret.
- Dersom det oppstår tilhøve som er strid med føresetnadane for støtta, kan Kvam herad avgjere at tilskot skal betalast tilbake til fondet heilt eller delvis.
- Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.

Før tilskot kan utbetalast, må fylgjande føresetnadar vere oppfylde:

- Tiltaket må vere fullfinansiert.
- Rapport og revidert rekneskap skal vere godkjend av Kvam herad.
- Krav som vert stilt i gjeldande lover, forskrifter og standardar skal vere oppfylde og naudsynte godkjenningar må liggje føre.

8. d) Sakshandsaming og klage/anke

Støtte innanfor rammene kan gjevast av fondsstyret. Større prosjekt må handsamast av heradsstyret, og helst gjennom handlingsprogram og budsjett.

Klage på kommunale vedtak skal handsamast av fylkesmannen, jmf. Viltlova § 4 siste ledd.

Fondsstyret står fritt til å vurdere tilskotsstorleik innan gjeldande rammer.